

EN HILSEN FRA

TBV

Trygve Bjerkrheims  
vennerVelkommen til årsmøtet  
SIDE 2Konsert  
SIDE 6Regnskap  
SIDE 8 – 10Ny melodi  
SIDE 11

## Minnebauta på plass i Bjerkreim

Det var historisk sus over fest søndagen då minnesteinen over Trygve Bjerkrheim (TB) blei avduka – like ved barnsheimen hans i Bjerkreim, 30. oktober 2016.

Det var lagt opp til eit omfattande program for dagen, og dei mange som deltok i programmet på ulike vis, var med på å teikne eit allsidig og friskt portrett av poeten og heidersmannen Bjerkrheim. Ein stor tilhøyrarskare hadde møtt fram. (Meir om avdukingstesten i årsmeldinga – s. 3)

På minneplata som er fest til minnesteinen, står desse to songstrofene, som er så typiske for det TB så sterkt ønskte å formidle:

*– Det er nok det som Jesus gjorde  
– Det er makt i de foldede hender*

– Vi reiser denne minnesteinen i djup takksemnd over den rike arven etter Trygve Bjerkrheim.

Så vonar vi at denne steinen vil minne oss om å halde TB-arven levande, dele den med kvarandre, og gi den vidare til komande generasjonar, sa Kåre Ekroll m.a. ved avdukinga av minnestøtta.



Innkalling og sakliste:

# Velkommen til årsmøte i Bergen 2017

For første gang kan vi i år ønske velkommen til TBV-årsmøte i Salem, Bergen. Salem er NLMs menighetssenter i Bergen, adressen er Sigurds gate 6, i Bergen sentrum. Først er det årsmøte kl. 16.00. Vi fortsetter med bevertning for de påmeldte. Og ønsker hjertelig velkommen til konsert kl. 18.30!

**Hjertelig velkommen til årsmøte og TB-konsert i Salem, Bergen, søndag 23. april!**

## SAKSPAPIRER TRYKT HER I BLADET:

- Innbydelse/innkalling og sakliste
- Årsmelding
- Regnskap (og revisjonsberetning legges fram på årsmøtet)

Vi håper at mange "nye" vil ta veien til årsmøtet i Bergen. Og du er selvsagt velkommen til å få med deg TB-konserten og kveldsmaten - rett etter årsmøtet! I TBV har vi mye viktig på gang. Takk for at du vil støtte dette arbeidet!

Innmelding: Pga serveringen ber vi om innmelding til Anne Grethe Kviserud - seinst innen 18. april - tlf.: 926 88 955 - e-post: ann-gk@online.no

## SAKLISTE TIL ÅRSMØTET:

1. Godkjenning av innkalling
2. Konstituering - valg av dirigent, referent og to til å skrive under årsmøteprotokollen.
3. Årsmelding 2016
4. Regnskap og revisjonsberetning 2016. Revisjonsmelding deles ut på årsmøtet.
5. Valg av:
  - Formann - for ett år.
  - Tre styremedlemmer - for to år.

- To vararepresentanter til styret - for ett år.
- Gjenværende i styret: Norveig Eikeland, Arnt Thyve og Harald Myklebust.

(De som går ut, men alle stiller på nytt: Sigrid Karine Belt, Askøy, Tollef Bjerkreim, Bjerkreim, Ragnar Dirdal, Ålgård og Anne Grethe Kviserud, Oslo. Og i tillegg: Aud Jorunn Birkedal Aas, Mosby)

- Valgnemnda vil legge fram endelig liste over styrekandidater på årsmøtet.
- Revisor og vararevisor - for 2017. Styret foreslår: Gjenvvalg av Oddvar Bø og Juel Østereng som vara.
- Valgnemnd.
- 6. Samtale.
- 7. Eventuelt.

*NB! Årsmøtet har anledning til å komme med benkeforslag til alle valg, men foreslåtte må være spurt på forhånd.*

Hjertelig velkommen til årsmøtet!  
Med vennlig hilsen

Kåre Ekroll  
Formann TBV



Dei som tok del under konserten i kyrkja - avdukingsøndagen.

## Årsmelding Trygve Bjerkreims venner (TBV) 2016

### 11. ARBEIDSÅR

**Det er historisk sus over arbeidsåret 2016. Søndag 30. oktober kunne TBV, saman med ein stor flokk som hadde møtt fram, avduke ein minnestein over Trygve Bjerkreim (TB) - i den første heimbygda hans, Bjerkreim i Rogaland.**

I høve avdukinga var det lagt opp til eit omfattande program - med i alt tre arrangement. Folk frå bedehuset i Bjerkreim stilte opp med mat for alle som hadde møtt fram.

Første samlinga tok til i bedehuset kl. 14.00, der vi med song, dikt og kåseri ville teikne eit allsidig og friskt portrett av forfattern TB.

I pausen var det høve til å kjøpe mat, før neste samling kl. 16.00 - denne gongen ved minnesteinen for avduking.

- Trygve Bjerkreim treng ingen minnestein. Han er død. Det er vi som lever, som treng ein TB-bauta, for vi har så lett for å gløyme. Vi treng ein bauta som kan minne oss om den unike arven han etterlet seg - særleg dei mange dikta og songane. Vi reiser denne minnesteinen i djup takksemd over dei rike arven som Trygve Bjerkreim etterlet seg. Så håpar eg at denne steinen vil minne oss og motivere oss til å halde TB-arven levande, dele den med kvarandre -

og gi den vidare til komande generasjonar, sa m. a. Kåre Ekroll, før han saman med Johan Bjerkreim, avduka den vakre minnestøtta.

Kl. 17.30 var det klart for konsert - i ei fullsett Bjerkreim kyrkje.

Vi takkar alle som tok del med song og musikk, kåseri og diktlesing: Arne Pareli Pedersen, koret Con Brio m/ dirigent Ernst Monsen, Sigrid Karine Belt, Arnt Thyve, Irene og Roberth Johansson frå Sverige, Ida og Caroline Dirdal, Øystein og Monika Vassbø, Norveig Eikeland, Kjersti Bjerkreim. Kåre Ekroll og Ragnar Dirdal leia arrangementa.

### VI TAKKAR BJERKREIM KOMMUNE

Vi takkar Bjerkreim kommune for velvilje og godt samarbeid omkring plassering av bautaen og støtte til tiltaket og arrangementet. Vi takkar også ordførar Torbjørn Ognedal for velvilje til å plassere minnesteinen på 1000-årsplassen og for gode ord under avdukinga. Betre plass kunne vi ikkje få - med kort avstand både til TB sin barndomsheim, og TB-minnesteova, som Johan Bjerkreim har reist og utstyrt i tilknytning til Trygves første barndomsheim.

Ved avdukinga helsa og takka også Trygve Gjedrem på vegne av den store Bjerkreim-familien. - Ein betre plass for ein TB-bauta kunne vi ikkje få. Trygve er komen heim! sa Gjedrem m.a.

### ÅRSMØTET 2016

Årsmøtet 2016 blei denne gongen halde på Fjellhaug Skoler, Oslo, laurdag 23. april. Programmet starta kl. 12.00 med song og kåseri av songaren Arne Pareli Pedersen. Han hadde kalla kåseriet sitt: "Det grønne evangeliet" - med bakgrunn i TBs evange penn. I tillegg såg han nøyare på nokre av TB-tekstane, samstundes som han song fleire av dei.

Etter ein betre middag m/kaffi var det årsmøte.

Styret la fram årsmelding og rekneskap med revisjonsmelding. Årsrekneskapan viste eit underskot på kr. 30.510,-. Både årsmeldinga og rekneskapan blei godkjende utan merknader.

Valnemnda la fram forslag til nytt styre, og etter valet fekk styret følgjande samansetting:

**Formann:** Kåre Ekroll sa seg villig til å stille som formann for eitt år og blei vald ved akklamasjon.

**Styremedlemmer:** Sigrid Karine Belt - ikkje på val, Ragnar Dirdal - ikkje på val, Norveig Hodne Eikeland, ny, vald for to år, Anne Grethe Kviserud, ikkje på val, Harald Myklebust, ny, vald for to år, Arnt Thyve, ny, vald for to år. Vararepresentant: Tollef Bjerkreim, ny, vald for eitt år.

**Val av revisor:** Oddvar Bø gjenvvalg - med Juel Østereng som vara.



Litt av forsamlinga som var med på avdukinga.

Begge foto: Ove Sandvik



Trygve Gjedrem helsa frå den store Bjerkrheim-slekta.

**Valnemnd:** Ingolv Gjedrem

**JUSTERING AV MEDLEMSKONTINGENTEN**

Styret la fram eit forslag om å auke kontingenten for medlemmer i TBV til kr 200,- for enkeltpersonar og kr 300,- for ektepar. Dette blei vedteke.

**FRÅ SAMTALEN**

Ragnar Dirdal orienterte om arbeidet med «TB-Songboka» med å velje ut songar og melodiar. Det er allereide lagt ned eit stort arbeid, men mykje står igjen.

Paul Odland kom med forslag både om å vurdere storleiken på styret i TBV og planlegje for å desentralisere årsmøta, sidan medlemmene er spreidde over det meste av landet. F. eks. tenkje Oslo + andre stader annankvart år.

Harald Harstad oppmoda til at arbeidet med TB-songane ikkje måtte stoppe med denne boka, men at vi framleis måtte stimulere til tonesetting av TB-tekstar/songar. Og gjerne gjere ein del tilgjengeleg på nettet.

**KONSERTAR**

Også dette året har TBV arrangert ei rekke konsertar.

Helga 12.-14. februar arrangerte

Bjorli Hotell og Møtesenter "TB-song helg". Husfedrene frå Trøndelag, Reidulf Lillebø og Inge Ulstein var songarar, medan Mari og Kåre Ekroll bidrog med kåseri og ymse innslag om og av diktarens liv og forfatterskap.

Arne Pareli Pedersen og Kåre Ekroll deltok på fleire konsertar i samband med årsmøtet 2016. Dei var innom både Talgje, Lyngdal, Konsmo, Sandefjord, Rælingen og Ski.

21.- 23. oktober deltok Mari og Kåre Ekroll på ei "Bibel- og song-helg" – med fokus på TB sin songskatt, på Lyngmo Ungdomssenter, Luster i Sogn. Her stilte fleire gode song- og musikk-krefter opp – både kor, grupper og solistar.

Ved deltakinga under gudstenesta i Stedje kyrkje, søndag føremiddag, blei det berre nytta TB-songar, og TBV fekk offeret.

Kåre Ekroll og Ragnar Dirdal deltok også sist haust med eit TB-program på eit "Vi over 60"-arrangement på Varhaug.

Det var til dels svært godt oppmøte og god stemning på desse TB-arrangementa!

**NYE MEDLEMMER**

Ved dei fleste TB-samlingane har vi berre fått kollekten til TBV og teikna nye medlemmer.

Til saman har vi fått 142 nye medlemmer i 2016. Ved årsskiftet 2016/17 hadde vi då 1030 medlemmer.

**Heimesida – www.bjerkrheim.no**

Heimesida har dette året vore leia av Arnt Thyve. I det siste har Bjørnar Lianes teke over ansvaret. Vi trur og håper på ei meir oppdatert side etter kvart. Nettsida blir elles brukt til å kunngjere arrangement og andre aktualitetar frå TBV, men her er plass til meir aktuelt TB-stoff.

**TRYGVE BJERKRHEIMS GAVEFOND (TBG) I LUNDE FORLAG**

Saldo pr. 01.01.2016 –	kr. 455 284,-
Overført frå TONO	kr. 17 096,-
Overført frå Norsk Musikkforlag	kr. 4 224,-
Overført til Lunde	kr. 200 000,-
Tilførte renter	kr. 93,-
Saldo pr. 31.12.2016	kr. 276 698,-

**VIDERE ARBEID MED TRYGVE BJERKRHEIM-SANGBOK**

I løpet av året har vi kome langt vidare med TB-songboka. Det tidkrevjande innsamlingsarbeidet av tekstar, og det meste av vurderingane av allereide eksisterande melodiar, er unnagjort. Ca. 400 melodiar er så langt godkjende.

Arbeidsutvalet for songboka, har



Ordførar Torbjørn Ognedal helsar - Con Brio i bakgrunnen.

Foto: Ove Sandvik

styret gitt vide fullmakter til å fullføre bokprosjektet.

– Ein arbeider derfor kontinuerleg med å sortere ut dei beste tekstane blant dei mange melodiane som så langt er sorterte ut. Per i dag har vi derfor tekstar ute blant toneskaparar som vil gi dei ein betre melodi og som meir høver for vår tid.

– Nokre av tekstane har vi og gitt ei varsam redigering i pakt med tidsrett språk og rettskriving.

– Arbeidet med noteskriving og besifring er godt i gang.

– Vi har også gjort avtale med Lunde Forlag som vil gi ut boka.

– Så gjenstår eit stort arbeid med å gjere signerte avtaler med komponistane.

Vi har heile tida vore klar over at dette arbeidet vil koste. Lunde Forlag tar berre trykkekostnadene – etter ein nærare avtale. Vi er derfor svært glade for at vi på nyttåret -17, fekk ei større gåve til dette arbeidet. Det har gitt oss tru for at vi kan halde fram og fullføre arbeidet, utan å hefte oss med tidkrevjande innsamlingsarbeid. Vi trur også at det er fleire der ute som har tru for å støtte dette arbeidet.

No har vi nett begynt å tenkje på eit større opplegg rundt lanseringa av songboka. Vi har tru på at dette er

ei bok som vil vere verdfull og særleg tidsaktuell for heile det kristne Norge.

**MEDLEMSBLADET**

Medlemsbladet "Ei helsing frå TBV" kom ut med eitt nytt nummer i 2016 (den 11. utgåva totalt). I forkant av årsmøtet blei bladet, med innkalling, giro for medlemskontingent og årsmøtepapir, sendt til foreininga sine medlemmer.

**ØKONOMIEN**

TBV fekk ein økonomisk god start gjennom eit eigenkapitalinnskot på kr. 50.000. Gjennom fleire positive årsresultat er eigenkapitalen stadig styrka seg. Det er inga målsetting å skape ein større eigenkapital kvart einaste år. Ved utgangen av 2016 er egenkapitalen på kr 215 340, etter eit underskot på kr 79 067,-. Den største inntektskilda er medlemskontingenten, som også i år viser ein sterk auke. Arbeidet med å samle TB-tekstar og melodiar for å utgi ei ny songbok vil fortsatt krevje at TBV har evne til å betale det eit slikt prosjekt vil koste. Vi håpar derfor at medlemmene fortsatt vil stå med oss, slik at vi økonomisk vil vere i stand til å fullføre dette prosjektet.

**TB PÅ SVENSK**

Dei siste åra har vi i TBV fått kontakt

både med ein svenske og ein tysker som omset TB-tekstar til sine språk. Framtida vil vise kva desse kontaktane vil resultere i. Roberth Johanson har allereide utgitt den første songboka med Bjerkrheim-tekstar på svensk. Meir om dette ein annan stad i bladet.

**STIPENDORDNING**

Styret har annonsert at dei gjerne ser at arkivsamlings etter Trygve Bjerkrheim blir meir brukt, og at vi gjerne vil gi økonomisk støtte til arbeid som er med og løfter fram den rike litterære arven etter Bjerkrheim.

**Styret** har hatt tre styremøte og handsama 20 saker. I tillegg har ein "Bauta-komite" og ein "Sangbok-komite" vore i arbeid.

**Mars 2017**

**I styret for Trygve Bjerkrheims venner**

Kåre Ekroll, formann  
Ragnar Dirdal  
Sigrid Karine Belt  
Anne Grethe Kviserud  
Norveig Eikeland  
Harald Myklebust  
Arnt Thyve  
Tollef Bjerkreim



# KONSERT

med Trygve Bjerkrheim-sanger

## «DET STRØYMER EI LIVSELV AV LUKKE»

i Salem, Sigurdsgate 6, Bergen – søndag 23. april kl. 18.30

### PROGRAM

Sang og musikk – der bl. a. disse blir med:

Arne Pareli Pedersen

Sigrid Karine Belt

Nancy Karine Eikeland Sangolt

Allsang

Kåre Ekroll forteller om Bjerkrheims liv og forfatterskap

### NB! TBV-ÅRSMØTE OGSÅ...

Samme dag og sted blir det årsmøte i Trygve Bjerkrheims venner (TBV) Kl. 16.00  
(i Salem, Bergen, søndag 23. april.)

Bevertning / Kveldsmat ca. kl. 17.30 – kr. 100,- pr. stk.

### INNMELDING:

Pga serveringen ber vi om innmelding til Anne Grethe Kviserud, seinest innen 18. april  
tlf.: 926 88 955 – E-post: ann-gk@online.no Kom og bli med!

**ALLE HJERTELEG VELKOMMEN!**

Arr.: Trygve Bjerkrheims venner – [www.bjerkrheim.no](http://www.bjerkrheim.no)

## Trygve Bjerkrheims venner

## RESULTATREGNSKAP 2016

	2016	2015
<b>DRIFTSINNEKTER</b>		
Medlemskontingent	120 900	108 800
Gaver	3 550	20 085
Konsertinntekter	76 911	87 160
Salg av bøker og CD	2 685	12 432
Gaver minnestein	29 700	0
Sum driftsinntekter	233 746	228 477
<b>DRIFTSKOSTNADER</b>		
Bøker og CD for salg	3 950	0
Årsmøte i TBV		
Inntekter	6 750	
Kostnader	5 350	591
TB Songbok	43 794	62 750
Minnestein	58 376	0
Konsertkostnader	46 258	73 891
Annonser	35 315	16 948
Kontor-og IT-rekvisita, utstyr	1 620	1 938
Porto (inkl. medlemsutsendelser)	8 835	5 103
Datakostnader	5 360	3 125
Trykksaker	11 122	15 596
Reisekostnader	34 887	41 695
Gaver	1 946	0
Diverse honorarer	20 000	17 000
Diverse kostnader	2 840	22 495
Gebyrer	188	168
Tap på kundefordringer (ikke bet. medl.kont.)	41 150	0
Sum driftskostnader	314 239	261 300
<b>DRIFTSRESULTAT</b>	-80 493	-32 823
<b>FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>		
Renteinntekter	1 426	2 313
Netto finasposter	1 426	2 313
<b>ÅRSRESULTAT</b>	-79 067	-30 510
<b>OVERFØRINGER og DISPONERINGER</b>		
Overført til annen egenkapital	79 067	30 510
	79 067	30 510

## BALANSE PR. 31.DESEMBER

	2016	2015
<b>EIENDELER</b>		
<b>OMLØPSMIDLER</b>		
Fordringer		
Medlemskontingent	8 600	27 600
Andre fordringer	4 253	1 253
	12 853	28 853
Bankinnskudd og tilsvarende		
Sparebanken Sør	211 987	292 554
Kontantbeholdning	0	0
	211 987	292 554
Sum omløpsmidler	224 840	321 407
<b>SUM EIENDELER</b>	224 840	321 407
<b>EGENKAPITAL og GJELD</b>		
Innskutt egenkapital mai 2005	50 000	50 000
Annen egenkapital		
Annen egenkapital 1.1.	244 407	274 917
Årets resultat	-79 067	-30 510
Sum egenkapital	215 340	294 407
<b>GJELD</b>		
Kortsiktig gjeld		
Leverandørgjeld	0	15 000
Skyldig honorar	9 500	12 000
Sum kortsiktig gjeld	9 500	27 000
Sum gjeld	9 500	27 000
<b>SUM GJELD og EGENKAPITAL</b>	224 840	321 407

Oslo, 31.desember 2016 / 10. mars 2017

I styret for Trygve Bjerkrheims venner

Kåre Ekroll  
styreleder

Ragnar Dirdal	Harald Myklebust	Sigrid Kariene Belt
Norveig H. Eikeland	Arnt Thyve	Anne Grethe Kviserud

## TVB Regnskap 2016

### Noter

#### Note 1

##### Tap på kundefordringer (ikke bet.medlemskont.)

I årets regnskap er det foretatt en nedskrivning av fordringsmassen ( ubetalt medlemskontingent) på totalt 41 150. Dette er medlemskontingent som ikke er betalt. Det viser seg at en forholdsvis stor andel av de utsendte fakturaer på medlemskontingent ikke blir betalt. Det er derfor nødvendig å foreta en nedskrivning for å komme på linje med det som virkelig blir betalt.

Pr. 31.12.2015 var ikke betalt kontingent på 27 600. I løpet av 2016 er dette øket til

49 750. Etter tapsføring på 41 150 gjenstår 8 600 som det antas vil bli betalt i løpet av 2017.

Tallet for innbetalte kontingenter i 2016 beløper seg til 98 450.

## Vil du vere med å lage TB-sangbok?

Som det også går fram av årsmeldinga, arbeider vi i TBV med å samle ein del TB-tekstar, som det er sett melodiar til, for å gi dei ut i ei "TB-sangbok".

Vi har heile tida vore klar over at dette arbeidet ville koste. Lunde Forlag, som vil gi ut boka, tar berre sjølve trykkekostnadene. Vi er derfor svært glade for at vi på nyttåret -17, fekk ei større gåve til dette arbeidet. Å arbeide fram ei songbok med notar, er både kostbart og tidkrevjande.

Vi trur det er fleire der ute som har tru for å

støtte dette tiltaket. Ser du verdien av ei slik bok, så takkar vi for økonomisk støtte! Send gåva di til – **kontonr.: 3000 25 00015! Merk ho gjerne med "songbok"**.

Sjå også [www.bjerkheim.no](http://www.bjerkheim.no)

Ei større samling av TB sine tekstar med melodiar, er ei gåve til kristenfolket og kristenlivet i landet!

## TB når djupast og lengst

Som songforfattar og salmediktar når Trygve etter mi meining djupast og lengst når han skriv om Jesu soningsdød for våre synder. Tenk på kvadet Takk at du bar mine byrder. Denne salmen på berre tre strofer er no i 30 til 40 år sunge i heimar, kyrkjer og bedehus og nynna på i kvardagen av mange truande kristne.

Erik Kjøbekk i kåseriet ved avdukinga

## Du er venta i himlen

T: Trygve Bjerkheim

M: Arne Pareli

The musical score is written in 4/4 time with a key signature of one flat (Bb). It consists of six staves of music with lyrics underneath. The lyrics are: Du er ven - ta i him - len. Vel - ko - men du er. Dei seg gler til å mø - ta deg der. Du er ven - ta av Gud og av Frel - sa - ren kjær, og av eng - lar og frels - te, den vel - di - ge hær. Du er ven - ta i him - len. Vel - ko men du er. Dei seg gler til å mø - ta deg der.

Du er venta i himlen, til æveleg fest.  
Ved Guds bord skal du der vera gjest.  
Og me gled oss i saman i ævelivs år.  
Utan ende er himmelens herlege vår.  
Du er venta i himlen, til æveleg fest.  
Ved Guds bord skal du der vera gjest.

## Trygve Bjerkrheim på svensk

**Roberth Johansson som selv har skrevet en rekke bøker og sanger, har nylig utgitt det første sanghefte med Bjerkrheim-tekster på svensk. De fleste av de 32 sangene som er med i heftet, er oversatt av Johansson selv. Mange har han også satt melodi til.**



Roberth Johansson (t.v.) viser TBVs Kåre Ekroll den nye TB-sangboka på svensk.

Kjente melodier av Egil Haugen, Knut Ose, Gunstein Draugedalen, Øivind Tønnesen, Sigurd Lunde, Leonard Gudmundsen og Arne Aano har også kommet med.

Roberth Johansson er bosatt i Aneby i nordre Småland, han har skrevet omkring 25 bøker, og mer enn 200 av Johanssons egne sanger finnes allerede i ulike svenske sangbøker. Sammen med kona Irene reiser han rundt i Sverige - en del også i Norge, med ulike sangprogram. I det siste har de også opptrådt med rene TB-programmer.

*– Hvordan kom du til å interessere deg for TB-sangene?*

– Jag leste for noen år siden noe positivt om TB, skrevet av Tomas Sjödin. Så fant jeg stoff på nettet om Trygve Bjerkrheims venner (TBV), der de etterlyste nye melodier til tekstene hans. Jeg prøvde meg og fikk fin respons. Siden ble det flere melodier, og i takt med dette vokste interessen hos meg for denne sang-

dikteren, som vi i Sverige dessverre ikke har hatt så stor interesse for.

### “VI ÄR I DE BÄSTA HÄNDER”

Bornelings förlag er i dag et etablert forlag som har gitt ut flere av Johanssons tidligere sangbøker og flere av slaget “Humor i helgade hyddor”. De tente også på hans ide om å presentere TB-sanger på svensk. Det ble et hefte med tittelen “Vi är i de bästa händer”, der både kjente og kjære TB-sanger er med – sammen med en rekke nyoversettelser og nye melodier av Johansson.

*– Har du noen opplevelser av hvordan folk tar imot TB-sangene?*

– I følge Bornelings förlag har interessen vært ganske bra hittil.

Min hustru Irene og jeg har iblant også et spesielt program om TB og sangene hans. Den sangen som vi har sunget mye de siste årene, er “Tack för alla år och dagar”. På et sted ble en mann som hadde hjerteprob-

lem, sterkt berørt av nettopp denne sangen. Den ga han ny inspirasjon. Mine egne komposisjoner har vi fått god respons på, ikke minst den første TB-sangen vi begynte å synge - “Du är tänkt att få vara ett kungabarn”.

Og jeg gleder meg til å forsøke å gjøre TB mer kjent her i Sverige, avslutter TB-vennen Roberth Johansson.

ke

### En varm evangelisk tone

*– Det finnes en varm, evangelisk tone i TBs tekster som berører. Vi håper at stadig flere svensker dette året 2017 skal oppdage TB-sangene. Vi vil gjøre hva vi kan. Ja, året er jo 2017 og en viss Luther burde være mer enn fornøyd om han kunne få sangtekster av Trygve Bjerkrheim i sin hånd.*

Roberth Johansson

*Den svenske boken “Vi är i de bästa händer”, kan kjøpes hos Trygve Bjerkrheims venner. Kr. 80,- fritt tilsendt.*